

PLANINITIATIV FOR SAMFERDSLEPLANAR

Fv. 5591 Rørdalsfjord Bru



Oppstart Reguleringsplan

Januar 2024

Generelt om planinitiativet

Dette dokumentet skal saman med aktuelle vedlegg utgjera nødvendig grunnlag for å halde oppstartsmøte for nye samferdsleplanar. Innsendt dokument er å sjå på som førespurnad om oppstartsmøte. Solund kommune kan krevje anna nødvendig informasjon før varsel om oppstart. Dette vert avklart i oppstartsmøtet.

Forslag til plannamn	FV. 5591 Rørdalsfjord Bru
Område, gnr./bnr.	Nåravegen, 10/6, 12/16 m.fl.
Vegnamn	Fv. 559, Nåravegen

1 INNHOLD

2	Hovudinnhaldet i planinitiativet	4
2.1	Bakgrunn for planinitiativet	4
2.2	Mål med prosjektet	5
2.3	Medverknad	5
2.4	Moglegheiter/traseval	5
3	Planområdet – dagens situasjon	8
3.1	Planavgrensing	8
3.2	Kort utgreiing av området	10
3.3	Eksisterande kartleggingar	11
3.4	Veg- og trafikkfageleg forhold	11
4	Forholdet til overordna planar og retningslinjer	13
4.1	Nasjonal transportplan (NTP), regionale og lokale transportplanar og strategiar	13
4.2	Kommuneplanens areal- og samfunnsdel	14
5	Verknadar av planinitiativet	16
5.1	Landskapsbilete	16
5.2	Fjernverknad	17
5.3	Auka trafikk og støy	17
5.4	Naturmangfald	18
5.5	Friluftsliv	19
5.6	Naturressursar/geologi/geoteknikk	20
5.7	Kulturverdiar	22
5.8	Barn og unges interesser	22
5.9	Forhold for gåande, syklende og kollektivreisande	22
5.10	Trafikktryggleik	23
5.11	Samfunnstryggleik og risiko	23
6	Konsekvensutgreiing (KU)	23
7	Framdrift og prioritering	23
7.1	Planlagt framdrift for planarbeidet	23
8	Vedlegg	24

2 HOVUDINNHALDET I PLANINITIATIVET

2.1 BAKGRUNN FOR PLANINITIATIVET

Vestland Fylkeskommune skal utarbeide reguleringsplan for ny bru over Rørdalsfjord i Solund kommune. Når det nye brusambandet over Ytre Steinsund står klart i 2026 vil all trafikk til og frå Ytre Sula bli flytta lengre sør på øya, og leia inn på dagens fv. 5591 Nåravegen.

På denne strekninga ligg Rørdalsfjord bru. Brua kom til Solund frå Førde i 1964. Der hadde den kryssa elva Jølstra sidan 1925. Då brua vart erstatta av ei betongbru, det som i dag vert kalla Langebrua, vart den gamle stålbrua flytta til Rørdalsfjorden i Solund og tatt i bruk der.

Med åra har brua blitt ein flaskehals, sidan den har avgrensingar både når det kjem til høgde og aksellast. Desse avgrensingane kan bli skjerpa inn ytterlegare i åra som kjem.

I tillegg viser inspeksjonar at brua har eit stort vedlikehaldsetterslep, med omfattande korrosjon på stålet, i tillegg til skader på bærebjelkane etter fleire påkøyrslar. Det skal planleggast ny bru over Rørdalsfjorden, i nærleiken av eksisterande bru. Den nye brua skal byggast etter dagens standard, og tilpassast eksisterande vegnett.

Det er ikkje gjennomført utgreiingar eller anna arbeid i forkant av planinitiativet, forutan kartlegging av djupner i sjøen i desember 2023 (sjå punkt 2.4). I samband med oppstart vert da utarbeida ein mulighetsstudie for alternativ kryssingspunkt for å vurdere konsekvensar og kostnader ved tiltaket. Nåravegen er smal med få møtepunkt. Ei ny bru vil gi verdiskaping for samfunnet ved å gjere vegstrekninga meir trafikksikker og framkommeleg for alle typar køyretøy, utan dagens begrensingar.



Figur 2-1: Oversiktskart Ytre Sula. Rørdalsfjord Bru med blått omriss

2.2 MÅL MED PROSJEKTET

Med ny bru over Ytre Steinsund vil all trafikk på Ytre Sula bli flytta lengre sør på øya, og vil måtte gå via Nåravegen og Rørdalsfjord bru. Dagens bru blir dermed ein flaskehals.

Det overordna målet med planarbeidet, er å gjere vegstrekninga meir trafikksikker og framkommeleg for alle typar køyretøy, som vil gje meir verdiskaping for samfunnet, både lokalt på Ytre Sula og for Solund som kommune. Det blir ikkje tilrettelagt for eget fortau/sykkelveg langs Nåravegen i planen, men utvid brede på ny bru, vil betre tryggleiken for lokale fotgjengarar i området.

Primærkriterium:

Dagens bru legg begrensingar på transport på strekninga, og denne utfordringa vil bli ytterlegare aktualisert når all trafikk til Ytre Sula skal leiast inn på Rørdalsfjord bru. For å oppnå full effekt av den nye brua over Ytre Steinsund, må brua over Rørdalsfjorden vere i stand til å ta i mot trafikk frå det nye sambandet.

Ein ny bru med dagens standard, utan avgrensingar på aksellast og høgde, vil sikre trafikktryggleik og framkomst på Ytre Sula, spesielt for tungtrafikk. Prosjektet vil bidra til å betre framkomstforholda for næring og busetnad på Ytre Sula.

Prosjektet sitt forhold til øvrige mål og planverk:

Regional transportplan for Vestland 2022 – 2033 vart vedteken av Fylkestinget 16. desember 2021. Planen gir strategisk retning for samferdselssektoren i Vestland, og er eit viktig grep for å sikre ei heilskapleg utvikling av Vestland fylke. Planen byggjer på mål og strategiar i utviklingsplanen til Vestland, samt FN sine berekraftsmål. Hovudmålet for planen er at «Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling»

For å innfri mål og strategiar i Regional transportplan, har fylkestinget i handlingsprogram for regional transportplan 2022 lagt til grunn slik strategi for prioritering av bruer:

Bruer med høgast skadegrad og der forfall har stor betydning for levetid skal prioriterast for vedlikehald og oppgradering. I RTP er Rørdalsfjord Bru prioritert med oppstart i 2024.

Prosjektet bidreg til betre og meir trafikksikker kryssing av Rørdalsfjorden.

2.3 MEDVERKNAD

Vestland fylkeskommune har som mål å ha god kommunikasjon og samarbeid med interessentar, råka grunneigarar og naboar, fagmynde, lag og organisasjonar, samt andre fagkunnige ved behov. Det skal i samarbeid med Solund kommune leggjast plan for medverknad.


2.4 MOGLEGHEITER/TRASEVAL

I samband med planarbeidet er da starta opp eit arbeid med moglegheiter for kryssingspunkt over fjorden. Rapporten vil beskriva prosessen med søk etter trasear for kryssing av fv. 5591 Rørdalsfjord Bru, og vurderingar som er gjorde ved utsiling av linjer. Silinga er basert på definerte kriterium utleide frå måla for planarbeidet, slik at linjer som ut frå dei gitte kriteria blir vurderte som uaktuelle, er silt ut. Målet med

silinga er å komma fram til ein korridor som skal utgreiast for utvalde fagtema for endra arealbruk, i samband med utarbeidd forslag til reguleringsplan for fv. 5591 for Rørdalsfjord Bru.

I samband med planarbeidet, ble da utført kartlegging av havbotnen rundt brua med multistråle ekkolodd og sub-bottom profiler i desember 23 av Veseth AS. Innsamla materiale vil gje grunnlag for blant anna prosjektering og planlegging av traseval for ny bru. Dekninga og kvaliteten på bilete m.m. var god. Botn i Rørdalsfjorden er forholdsvis flat, men gradvis djupere sørover. Det ligger flere store steinblokkar spredt ut på havbotn. Den største er 25x15 meter. Under broen ligg havbotn på kote -11 i nn2000. Dybdene frå broen og 250 meter sørover er rundt kote -11 til -13 før det byrjar å gå ned mot kote -35. lengst sør i kartleggingsområdet. Nordover frå brua, er også havbotn relativt flat med spredte steinpartiar og oppstikkande fjell. Ett dronefoto visar at det også er sandbotn stedvis, sjå under.





Figur 2-2 viser bilete frå kartlegginga. Djubdeforhold vil leggast til grunn ved vurdering av traseval.


Moglegheitsstudiet legg følgande forutsetningar til grunn:

- Føringsbredde på brua min. 6,5 m
- Minimum skal bil og lastebil kunne passerast på brua
- Lysåpningen under brua skal kunne betjene vannmengden ved 200 års flom med klimapåslag
- Min. seilingshøgde som dagens bru på 3,6 meter ved HAT (høgaste astronomiske tidevann)
- Brua skal tilfredsstillе dagens krav til trafikklastar, inklusive rekkverklastar, og være en anonym og kostnadseffektiv bru
- Veg- og gangtrafikken skal opprettholdast forbi brustedet i anleggsperioden
- Det skal vurderast kostnader og miljømessige inngrep ved utfylling i sjø. Prosjektet skal oppnå massebalanse.

Silinga vil bli gjennomført trinnvis:



Følgande trasevalg – (førebels):




Figur 2-3: Skisse – eksisterande situasjon og 4 alternative krysningsskjermer som utgangspunkt for befaringsplanlegging oktober 2023.

3 PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

3.1 PLANAVGRENSING

Strekninga som er vurdert som aktuell innfor plangrensa, er fv. 5591 Nåravegen. Omriss er teikna inn på kartet under. Sosi-fil/PDF av plangrensa er vedlagt planinitiativet/melding om oppstart. Inkludert i plangrensa er delar av veglinja på begge sider av fjorden for moglegheit for punktvis utbetringar. Strekninga er om lag 1,2 km lang, og går langs ved Rørdalsfjorden og dagens eksisterande veglinje.



Figur 3-1 viser lokalisering av den aktuelle strekninga. Forslag til varselgrense er vedlagt innsendt planinitiativ.

Foreslått område for planarbeidet er vist i figur 3-1. Eigedomane langs veggen som vert råka av tiltaket og ligg innanfor varslingsgrensa, består av både offentlege og private eigedommar:

Vestsida av Rørdalsfjord:

- Eksisterande fylkesveg nr. 31 på gnr./bnr. 10/6

- Eigedom Rørdal: Gnr./bnr. 10/1-2,
- Eigedom Ånebakkane på gnr./bnr. 10/5 grensar til plangrensa.

Austsida av Rørdalsfjord:

- Eksisterande fylkesveg nr. 31 på gnr./bnr. 12/16
- Eigedom/Hytte Håtuft: Gnr./bnr. 12/9
- Eigedom/Trovåg på gnr./bnr. 12/2

3.2 KORT UTGREIING AV OMRÅDET

Området omfattar ein kystnatur som i hovudsak er lite påverka av tekniske inngrep. Planområdet har formål LNF i kommuneplanens arealdel, men er råka av større tekniske inngrep (INON-område < 1 km). Planområdet består av fylkesveg 5591 Nàravegen, brua over Rørdalsfjorden, kraftlinje 22 kV, ei hytte med parkering, gangveg/sti, brygge og opptrekk for båt på austsida for brua, flytebryggje og uberørt natur/friluftsområde på vestsida av brua. hytte ved Krokevatn ligg utanfor planområdet. Landskapet er småkupert med lite vegetasjon. Sør for tiltaket ved Rørdals-holmen, er det på vestsida av fjorden busetnad, og naust med flytebryggjer. Ved innsegling til Rørdalsfjorden er det næring/fiske samt moglegheit for overnatting/hytteutleige.

Veglinja er smal (ca. 3 m bred) med få møtepunkt. Vegen er tilpassa terrenget, noko som gir krapp kurvatur. Rett før kryssing av brua på vestsida av fjorden, er det planert ut eit område med moglegheit for parkering/kort oppheld.

Det er ikkje tilrettelagt for elektro/vatn og avlaup i grunnen/langs ved veg. Flytebryggja nær brua, har nyleg fått kopla på straum.




Figur 3-2: Området og brua sett frå austsida av fjorden.

3.3 EKSISTERANDE KARTLEGGINGAR

Det er ikkje kjente gjennomførte kartleggingar innanfor føreslegen planområde. I samband med detaljreguleringsplan for fv. 606 Ytre Steinsund Bru vedteke i 2017, er delar av nærområdet ved Nåravegen aust for planområdet, kartlagt.

3.4 VEG- OG TRAFIKKFAGELEG FORHOLD

- Fartsgrense 80 km/t
- ÅDT 50 (2022)
- Det er ikkje tilrettelagt for gåande/syklende langs fylkesvegen
- Ulykker – ikkje kjent/registrerte ulykker i området. I Statens vegvesen sin database/vegkart er det pr. november 2023 registrert 1 ulykke langs Nåravegen i 1989 – møteulykke i kurve med personbil.



Figur 3-3: utsnitt frå Statens Vegvesen sitt vegkart. Registrert ulykke vist med grønt omriss.

Solund kommune har utarbeide ei trafikktryggingssplan som ble planlagt rullert i 2020. Planen er eit naudsynt verkemiddel for å gjennomføra konkrete trafikktryggleiksprosjekt med tilskot frå statlege midlar.

4 FORHOLDET TIL OVERORDNA PLANAR OG RETNINGSLINJER

4.1 NASJONAL TRANSPORTPLAN (NTP), REGIONALE OG LOKALE TRANSPORTPLANAR OG STRATEGIAR

I NTP er hovudmålet for trafikktryggleik å redusere transportulukker i tråd med nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i transportsektoren. I NTP 2018-29 er det òg etappemål med ambisjon om halvering av talet på drepne og hardt skadde i 2030 sett opp mot tal frå 2018.

RTP bygger vidare på måla i NTP. For Vestland er målet i RTP eit trygt, effektivt og framtidssretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.

Regionale planar og strategiar

Aktuelle regionale planar, strategiar og temaplanar for planarbeidet er:

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional transportplan for Vestland 2022-2023
- Regional plan for klima 2022-2035
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027

- **Trafikktryggleiksplan 2012-2019 (Solund kommune)**
Planen omfattar vegsystemet i heile kommunen (Fylkesvegar og kommunale veger), og tilknytt sjøtransport.
- **Klima og energiplan 2011 (Solund kommune)**
Visjon, mål og organisering –
 - Klima- og energiplanen er ein temaplan, og blir ein del av det kommunale planverket.
 - Målet med ein klima- og energiplan er at den skal være grunnlaget for at den langsiktig utviklinga i kommunen blir bærekraftig, og med dei "gode" miljø- og energiløysingane.
 - Planen omhandlar derfor naudsynte tema som arealplanlegging, bygg, transport, oppvekst, energiproduksjon osv.
 - Ei meir berekraftig utvikling i kommunen kan oppnåast når klima- og energiutgreiinga får konsekvensar for innhaldet i kommuneplanane og andre overordna plandokument og på innhaldet i dei ulike fagutgreiingane.
 - Analyser og prioriteringar som er gjeve i klima- og energiutgreiinga må derfor refererast til og vurderast i alle planprosessane i Solund kommune.
- **Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020-2023 (Solund kommune)**
Berekraftig tilrettelegging for fysisk aktivitet der folk bur, ferdast og oppheld seg

Anna aktuelt lovverk/retningslinjer


Aktuelt lovverk/retningslinjer som må følgjast ved planlegging og gjennomføring av prosjektet er mellom anna:

- Plan- og bygningslova
- Forureiningslova
- Kulturminnelova
- Vassressurslova
- Naturmangfaldlova
- Veglova
- Statlege planretningslinjer for strandsona

4.2 KOMMUNEPLANENS AREAL- OG SAMFUNNSDEL

Tabell 4-1: Kommuneplanens arealdel, henta frå kommunekart.com

KPA - Solund	Plannamn Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032	Dato 03.03.2022	Lenke til planarkiv Solund kart (kommunekart.com)



Figur 4-1: utsnitt frå KPA 2020-2032 i Solund kommune – kilde: kommunekart.com

Kommuneplanen samfunnsdel Solund 2020 – 2030

Kommuneplanen sin samfunnsdel, ble vedteken i sak 16/20.

Samfunnsplanen er kommunen sin overordna plan, og viktigaste styringsverktøy. Den skal peike ut kursen for utviklinga av Solund fram mot 2030. Utgangspunktet er at framtida kjem av seg sjølv, men framsteg må skapast. Ein viktig del av planarbeidet er å finne utgangspunktet og ta aktive grep for å få Strategiske grep i samfunnsdelen i førre periode (2008-2020).

Eit av måla i kommuneplanen er betre samferdsel og infrastruktur (4.10):

- *Legge til rette for størst mogleg mobilitet for personar og gods både internt i kommunen, og mellom Solund og fastlandet.*


Det er ingen vedtekte kommunedelplanar eller reguleringsplanar i, eller i tilknytning til planområdet.

5 VERKNADAR AV PLANINITIATIVET

5.1 LANDSKAPSBILETE

Solund kommune ligg sørvest i gamle Sogn og Fjordane fylke, og inngår i landskapsregion 20 – Kystbygdene på Vestlandet (NIJOS-rapport 2/98). Regionen strekk seg frå Boknafjorden i sør til Romsdalsfjorden i nord. Hovudtrekket for regionen er eit småknudra landskapsrelieff prega av øyer, halvøyar og skjergard. Landskapsregionen er delt inn i meir avgrensa og nyanserte underregionar. Solund utgjer ein eigen underregion; 20.4 Solund. Solund igjen har eit vekslende landskap med ei rekke ulike landskapstrekk. Underregionen er difor delt opp i 72 ulike landskapsområde der avgrensinga fylgjer den typiske landskapstypen for det enkelte området.

Rørdalsfjord ligg i landskapsområde LT20-05 Våg- og smalsundlandskap som danner små, lune landskapsrom mot det opne havet eller fjordbassenget. Havflata er smal og ein har god visuell kontakt mellom sidene av sundet. Strandlina er flikete, men ofte med bratte, låge svaberg som stupar i vatnet. Typisk for Solund er den skulpturelle karakteren konglomeratet gjev, bergknattane, svaberga og holmane som utgjer avgrensinga av landskapsrommet. Inst i vågen eller i små vikar kan ein gjerne finne mindre strandflatar.



Figur 5-1: Oversikt landskapsregion 20 Kystbygdene på Vestlandet. Kjelde kilden.nibio.no

5.2 FJERNVERKNAD

Tiltakets plassering i Rørdalsfjorden vil ikkje gje fjernverknad på busetnad, toppar eller andre utsiktspunkt i området, utover dagens bru si eksponering. Brua blir plassert i nærleiken av eksisterande bru. Landskapsbildet og tiltakets påverknad/ending av landskapet, vil bli eit utgreiingstema i planen.



Figur 5-2: Eksisterande bru sett frå høgdedrag/Nåravegen i aust.

5.3 AUKA TRAFIKK OG STØY

I samband med bygging av Ytre Steinsund Bru, vil brua erstatte ferjesambandet Daløy-Haldorsneset. Med ny bru over Ytre Steinsund vil all trafikk på Ytre Sula bli flytta lengre sør på øya, og vil måtte gå via Nåravegen og Rørdalsfjord bru. Omlegginga av fylkesvegen vil medføre auka trafikk over Rørdalsfjorden mot busetnad og næringsliv lengre nordvest på øya. I reguleringsplanen for Ytre Steinsund Bru er det skissert ei auke i ÅDT:

«Årsdøgntrafikken (ÅDT) for fv. 606 var om lag 150 køyretøy per døgn i 2016, med 10 % tunge køyretøy. ÅDT på Ytre Sula, fv. 31, var i 2016 om lag 100 køyretøy per døgn. Ferga har ein ÅDT på om lag 60 kjt/døgn.

Framtidig trafikk på eit ferjeavløysingsprosjekt er usikker. Vi legg til grunn at trafikken i opningsåret vil vere på om lag 200 kjt/døgn, og at opningsåret kan vere i 2023. Stipulert trafikkmengd 20 år etter opning (i 2043) vil da vere om lag 230 kjt/døgn».

Støyforhold vil verta vurdert i reguleringsplanen. Det er ikkje nærliggande busetnad i/ved planområdet for Rørdalsfjord Bru. Støy i anleggsfasen vil bli vurdert, samt støyforhold for nærliggande hytte på gnr/bnr. 12/9.

5.4 NATURMANGFALD

Det er ikkje registrert viktige naturtypar eller raudlista artar i kategoriane «Sårbar» (VU), «Sterkt trua» (EN) eller «Kritisk trua» (CR), innanfor planområdet.

På Vestsida av brua ble det i 2022 registrert to karplanter; Einstape - *Pteridium aquilinum* (L.) Kuhn og Skogburkne - *Athyrium filix-femina*, i kategori Livskraftig (LC). Lokalitet er vist på figuren under.



Figur 5-3: Funn av karplanter innanfor planområdet. Kjelde Artsdatabanken.no

Utanfor planområdet er det observert og registrert fugleartar i kategorien Sterk truga (EN) (Lundefugl) og Nær truga (NT) (Stær). Hubro er observert utanfor planområdet men ikkje registrert.

Området frå Bremanger til Ytre Sula, er registrert som eit viktig område for sjøfugl (sjå grønt område på kartet under) som er trua. Her ligg mange fuglereservat, som Frøyskjæra, Ytterøyane, Kvalsteinane, Håsteinen, Gåsvær, Indrevær, Utvær og Smelvær. Generelt er det hekkelokaliteter og koloniar for mange artar; fiskemåke, svartbak, gråmåke og sildemåke, toppskarv, ærfugl, teist, ternar, lunde, krykkje, alke og lomvi. Verdifulle vinterområder for ærfugl, havelle, svartand, skarver, måker og teist, nåe alkefugl og lom. Kasteområde for steinkobbe.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy Yggdrasil, <https://kart.fiskeridir.no/>, er det i Rørdalsfjorden større førekomstar av Tareskog verdi svært viktig.




Figur 5-4: Oversikt over Plan/Sjøareal med viktige førekomstar. Kjelde Yggdrasil.

Naturmangfold vil bli særskilt kartlagt som del av planarbeidet. Omsyn til sjøareal, natur og biologisk mangfold blir særleg vektlagt i anleggsfasen og sikra i føresegna til planen.

5.5 FRILUFTSLIV

Det er to lokalt viktige område for friluftsliv nær planområdet, begge områda ligg på Ytre Sula. Håfjellet turområde, med merka tursti til Håfjellet, ligg like sørvest for planområdet. Kringlevågen friluftsområde, som er ei sørvendt og grunn badevik, ligg lengre aust mot Nåra. Friluftsliv vart kartlagt i samband med reguleringsplanen for Ytre Steinsund Bru og vil bli taka omsyn til i samband med planarbeidet for Rørdalsfjord Bru. Utsnitt frå kartlegginga viser blant anna friluftsområda med nasjonal/regional verdi, samt Nordsjøløypa som ligg vest for planområdet.

Tilkomst til friområda, vil betre seg når ny Bru over Ytre Steinsundet vert ferdigstilt. I tillegg vil utbetring av Nåravegen og ny bru over Rørdalsfjorden, gje betre tilkomst til Håfjellet turområde. I planprosessen vil en vurdere bruk av eksisterende fylling/bru over Rørdalsfjorden. Blant anna rasteplass og parkering kan verta aktuelt.




Figur 5-5: Oversikt over viktige friluftsområde på Ytre Sula utgreia i reguleringsplan for Ytre Steinsund Bru. Planområdet merka med gult omriss.


5.6 NATURRESSURSAR/GEOLOGI/GEOTEKNIKK

Planområdet består for det meste av snaumark/utmark med lite eller ingen skog. På vestsida av fjorden er det eit belte med gamal innmarksbeite og eit område med barskog. Hovudbergarten i området er devonsk konglomerat. Det er mykje bart berg i planområdet, i dalgangar er det parti med morenemassar og myrjord.

Det er fleire lokalitetar for oppdrett av fisk sør for planområdet i Rørdalsfjord.



Figur 5-6: Oversikt arealressurskart – Kilden.nibio.no




Figur 5-7: Oversikt hovedbergartar/berggrunn på Ytre Sula – Geo.ngu.no

Bergartane i området er inndelt i Post-kaledonske sedimentære bergartar frå Devon alder. Hovedbergartar i Solund kommune er konglomerat (gult felt på kartet over).

5.7 KULTURVERDIAR

Kartutsnitta i figur 5-8 er henta frå fylkesatlas.no. Det er ikkje funna SEFRAK-registrerte bygg eller arkeologiske minne innanfor planområdet. Lengre ut i Rørdalsfjorden er det gjort funn av automatisk freda kulturminne/gravrøys. På austsida ved innsegling til Rørdalsfjord er da gjort funn av Bosetning-aktivitetsområde (Kverhella, lok A) frå Steinalder.

Ut frå registrering av kulturminne, kan det vere middels til stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne i området. Dette vil bli kartlagt i samband med planarbeidet.



Figur 5-8: oversikt over registrerte kulturminne i området. Fylkesatlas.no

5.8 BARN OG UNGES INTERESSER

Det er ingen busetnad innanfor planområdet, men ei hytte på gnr./bnr. 12/9. Det er ikkje funne spor av barns leik ved synfaring av planområdet.

5.9 FORHOLD FOR GÅANDE, SYKLANDE OG KOLLEKTIVREISANDE

Eksisterande fylkesveg er smal, og difor ikkje tilrettelagt for gåande/syklende. Det er ikkje samband for mjuke trafikantar øve brua i dag. Punktvis utbetring av eksisterande veg, og breiare

bru over Rørdalsfjord, vil betre moglegheit for sikker framkomst for gåande/syklende. Kollektivdekninga i området er mynta på skuleskyss med båt og buss.

5.10 TRAFIKKTRYGGLEIK

I planarbeidet vert trafikktryggleik et tema. Ny bru og møtepunkt langs vegen, vil betre framkomst og trafiksikkerheit. Det blir ikkje tilrettelagt for eget fortau/sykkelveg langs Nåravegen i planen, men utvid brede på dagens veg vil betre tryggleiken for lokale brukare i området. Universell utforming vil vera ein raud tråd gjennom planarbeidet.

5.11 SAMFUNNSTRYGGLEIK OG RISIKO

Det vert utarbeidd eigen ROS-analyse i tråd med plan- og bygningslova.

Me ser ikkje trong for klimagassberekning i dette planprosjektet for oppstart. Eventuell føring for byggefasen vert vurdert som krav i føresegner. Det vert utarbeida og gjennomført klimavurderingar for prosjektet i høve til krav i VLFK og Solund kommune. Dette inneber klimagassberekningar og rapport, samt vurdering av utsleppsreducerande tiltak.

6 KONSEKVENsutGREIING (KU)

Sjå eiga vedlegg.

7 FRAMDRIFT OG PRIORITERING

7.1 PLANLAGT FRAMDRIFT FOR PLANARBEIDET

<i>Tid for oppstartsmøte</i>	<i>Februar 2024</i>
<i>Varsel om oppstart av planarbeid/planprogram</i>	<i>april 2024</i>
<i>Oversending av planprogram</i>	<i>Ikkje aktuelt</i>
<i>Fastsett planprogram</i>	<i>Ikkje aktuelt</i>
<i>Høyring og offentleg ettersyn av planutkast</i>	<i>Juni/august 2025</i>
<i>Oversending til kommunal handsaming</i>	<i>November/desember 2025</i>
<i>Vedtak</i>	<i>Januar 2026</i>

8 VEDLEGG

1. *Vurdering av KU*
2. *Forslag til planavgrensning for varsel om oppstart, PDF-format*
3. *Forslag til planavgrensning for varsel om oppstart, SOSI-format*
4. *MAL - Referat med avtaler frå oppstartsmøte mellom Solund kommune og Vestland fylkeskommune – detaljregulering for fv. 5591 Rørdalsfjord Bru*